

# RØLDAL FJELLSTYRE



## ÅRSMELDING 2012

### INNHALD:

- 1. Røldal statsallmenning**
- 2. Røldal fjellstyre**
- 3. Hytter og stølar**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt**
- 6. Fiske**

# 1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg I Odda kommune I Hordaland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Deler av allmenningen ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg sør for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenningen ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 3 hytter som allmugen kan nytta og 4 stolar.

## 2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2012 – 2015 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Ellen Drangevåg	- vara: Håkon Sandal
Nestleiar:	Helleik Rabbe	- vara: Odd Inge Tvedt
Sekretær:	Randi T Legård	- vara: Ingeborg Øyna
Styremedlem:	Torleif Fresvik	- vara: Morten Nilssen
Styremedlem:	Svein Myrheim	- vara: Oddbjørn Lynghammer

Fjellstyret har hatt 8 styremøter i 2012 og handsama 65 saker. Fjellstyreinformatjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). Sal av småviltjakt- og fiskekort har vore på 2 bensinstasjonar, turistinformasjonen og Haukelisæter turisthytte.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH),  
7 fjellstyre er med her:  
Røldal fjellstyre  
Odda fjellstyre  
Ullensvang fjellstyre  
Ulvik fjellstyre  
Eidfjord fjellstyre  
Øvre Numedal fjellstyre  
Rauland fjellstyre.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (92 fjellstyre).

### 3. Hytter og støler

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr.år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

#### Hytter:

##### **Ninive 1202 m.o.h**

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

##### **Eriksbu 1167 m.o.h**

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m<sup>2</sup> og har 12 senger.

##### **Gamblebua 1167 m.o.h**

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

#### Stølar:

##### **Ståvassvika 976 m.o.h**

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut. I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite.

##### **Midtfjellsvollen 976 m.o.h**

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Fjøs, sel og vedaskut av god kvalitet. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

##### **Hadlene 976 m.o.h**

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og agregathus, samt ei lita hytte. Drift med ku og geit (gris) kvar sommar.

##### **Ulvabotnen 976 m.o.h**

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut. Alternativ drift med høner og gris.

## 4. Villreinjakt

### Tildelt kvote 2012

#### Syd for E- 134

1 bukk  
2 simle/ungdyr  
1 simle  
4 kalv

#### Nord for E-134 ( Hardangervidda)

37 bukk  
137 simle/ungdyr  
74 kalv

Felling for 2012 blei 37,5 % på syd og  
29,8 % på nord  
16 simle/ungdyr og 1 kalvekort blei ikkje selde

### Prisar på fellingsløyve av rein

Fritt dyr kr. 1200,-  
Simle/ungdyr kr. 900,- ( 1800,-) utanbygds  
Kalv kr. 400,- ( 800,-) utanbygds

### Samjaksavtalar

Røldal fjellstyre hadde gjensidig samjaksavtale med HA 300 under heile jakta. (inn til Turistvegen)  
Samjakt med Ullensvang på avgrensa areal frå 20. august.  
Avgrensa høve til overføring av jaktkort.

## 5. Småviltjakt

Det vart gjeve løyve til småviltjakt utan hund f.o.m 20. September

#### Prisar:

1 dag kr. 190,-  
2 dagar kr. 300,-  
3 dagar kr. 400,-  
Veke kr. 600,-  
Sesong kr. 600,- ( innanbygds) 1200,- (utanbygds)

Svært få fangstrapportar er mottekne. Generelt inntrykk og noko markundersøking tilseier svært få felte ryper. Det vart og selt mykje færre kort i år enn i fjor.

## 6. Fiske

### Prisar:

#### Garnfiske

Sesong           kr. 250,- ( innanbygds: + stong)

#### Stong

1 døger           kr. 50,-

3 døger           kr. 100,-

Veke               kr. 150,-

Sesong:           kr. 300,-

Garnfiske i Uravatnet har vore fritt då me slit med for mykje fisk. I øvre og nedre Hellevatn har det vore lovleg med 10 garn. Elles på allmenningen gjeld opptil 5 garn. Me har felles fiskekortordning med dei andre fjellstyra på Hardangervidda.



Røldal, 21. mai 2013

-----  
Ellen Drangevåg